

Saksvedlegg: sak 11 / 2018.

Vedlegg 2

Orientering om søknadsprosess og framdriftsplan

Søknadsprosessen og søknadsfrist

Kommunane er informert både gjennom e-post til kommunen og via HFK sine nettsider. Alle kommunane er inviterte til to søkjarkonferansar – 16.april og 25.mai. Dette i samarbeid med FoU-miljøa.

Det er lagt ut informasjon om tilskotsordninga og utvikla søknadsskjema på Hordaland fylkeskommune sine nettsider. Skjemaet er utvikla på grunnlag av kriterier for val av kommunar og tiltak utvikla i søknadsprosessen og lagt fram for samarbeidsorganet i møte den 31.01.18.

<https://www.hordaland.no/link/198d248acde1451eb3c6bca8809ff189.aspx>

Søknadsfrist for kommunane blei sett til 30.06.18. Dette for å gje kommunane mest mogeleg tid til å jobbe med forankringsarbeid og søknad i eigen kommune. Samtidig inneber dette knappe fristar for HFK og samarbeidsorganet.

Krav til søknaden innhald

Utfylt søknadsskjema (byggjer på kriterier for val av kommunar og tiltak).

Førebels budsjett og søknadssum.

Kort skisse til framdriftsplan.

Stadfesting på politisk forankring (kan ettersendast)

Om tiltaksutviklinga

Kommunen (ar) kan søkje midlar til økonomisk og fagleg støtte til kunnskapsbasert tiltaksutvikling. Tiltaka skal bidra med noko nytt, og kan vere noko kommunen ser behov for å endre eller styrke. Dei kan utvikle noko eige eller prøve ut noko som er utvikla ein annan stad. Tiltaka skal ikkje ha vore forskingsmessig evaluert tidlegare. All tiltaksutvikling skal evaluerast.

Det kan ikkje gjevast tilskot til:

- Finansiering av eksisterande tilbod eller stillingar for målgruppa i kommunane. Behandlingstiltak eller individuelle tiltak. Evaluering av tiltaka som skal utviklast (datainnsamling, analyse og rapportering).

Søknadssum

Det er ikkje sett søknadssum årleg per kommune/tiltak frå fylkeskommunen. Det er tenkt at tildelingssum vil variere knytt til prosjektstorleik, samarbeidspartar og type tiltak som skal prøvast ut. Kommunane er bedt om å skissere eit førebels budsjett ved innsending av søknaden. Samarbeidsorganet skal ta endeleg

stilling til tildeling av midlar i desember. For kommunar som vert tekne opp i 2018 er det tenkt ei mindre tildeling til utvikling av prosjektplan/tiltaksutvikling for hausten 2018.

Opne for samarbeidsprosjekt for å få til større prosjekt

Det er ikkje eit mål at alle kommunane i fylket skal inn i tilskotsordninga. Samarbeid mellom kommunar vil kunne auke deltakinga i tilskotsordninga, bidra til større prosjekt og breiare evalueringar. Dette er også eit nasjonalt mål. I utlysinga av midlane er det opna opp for at søker fleire kommunar seg inn i programmet med liknande prosjektskildringar, kan Hordaland fylkeskommune ta initiativ til utvikling av prosjektsamarbeid.

Framdriftsplan haust 2018

22.aug.	Samarbeidsorganet gjev råd om val av kommunar/ tema og førebelse tiltak. Samarbeidsorganet gjev råd knytt til korleis legge opp til ei god fordeling av midlar til tiltaksutviklinga.
Veke 34 og 35.	HFK sender svarbrev til kommunane om opptak/ikkje opptak i tilskotsordninga. Kommunane og HFK inngår samarbeidsavtalar.
01.sept.	Frist for innsending av oversikt over tema for tiltaksarbeidet i Hordaland og samarbeidsavtalar med kommunane til Helsedirektoratet frå HFK.
12.sept	Nasjonalt møte for samarbeidsorgan med Helsedirektoratet.
Sept.	HFK avklarar samarbeid med FoU-miljøa. Rammer for avtalar.
Aug/sept/okt/nov:	Kommunane vidareutviklar tiltaket. FoU- miljøa skal bidra til utvikling av design som er eigna for evaluering. HFK legg til rette gjennom samlingar mm. Datoar er sett.
23.okt.	Prosjektleiarmøte nye og tidlegare programfylker ved Helsedirektoratet.
28. nov.	Kommunen sender inn endeleg prosjektplan med meir utfyllande plan for utvikling av tiltaket, framdriftsplan og endeleg budsjett til HFK.
14.des.	Samarbeidsorganet gjev råd om endelege tiltak frå kommunane og om tildeling av budsjetttramme for programåra.
31.des.	Frist for endeleg tiltaksoversikt til Helsedirektoratet frå HFK.